

# **NISSEDAL KOMMUNE**

## **LANDBRUKSPLAN**

**2014-2017**



Godkjent av kommunestyret des. 2014

# Innhald

<b>1. INNLEIING, BAKGRUNN OG ORGANISERING</b>	
1.1. Innleiing	2
1.2. Bakgrunn og heimel for planarbeidet (perioden 2007-09)	2
1.3. Rullering av plan (perioden 2014-17)	2
1.4. Organisering av rullering (2014-17)	2
<b>2. STATUS FOR LANDBRUKET I NISSEDAL</b>	
2.1. Nissedal kommune	3
2.2. Landbrukseigedommar	3
2.3. Kulturlandskap og miljø	3
2.3.1. Jordbruket og jordbruksarealet i Nissedal	4
2.3.2. Driftseiningar	4
2.3.3. Husdyrproduksjon	5
2.3.4. Pelsdyr	5
2.4. Skogbruket	6
2.4.1. Skogtilstanden	6
2.4.2. Avverking	7
2.4.3. Skogkulturarbeid og tilskot	10
2.4.4. Områdetakst og miljøregistreringar	12
2.4.5. Lokal foredling	12
2.5. Utmarksutnytting	12
2.5.1. Beiting	12
2.5.2. Jakt	13
2.5.3. Fiske	13
2.5.4. Birøkt	13
2.5.5. Motorferdsel i utmark	13
2.6. Tilleggsnæringar	14
2.6.1. Hyttebygging	14
2.6.2. Gardsturisme, hytteutleige og camping	14
2.6.3. Reiseliv	14
2.6.4. Tenesteytande næring: Inn på tunet-tilbod	14
2.7. Verdiskaping i landbruket i Nissedal	16
<b>3. VERKEMIDDEL FOR LOKAL LANDBRUKSPOLITIKK</b>	
3.1. Økonomiske	17
3.2. Juridiske	18
3.3. Andre verkemiddel	20
<b>4. STRATEGIAR OG TILTAK FOR LANDBRUKET</b>	
4.1. Hovudmål	21
4.2. Delmål/strategiar 2014 - 2017	22
4.3. Handlingsplan (tiltak) 2014 - 2015	28

# **1. INNLEIING, BAKGRUNN OG ORGANISERING**

## **1.1 Innleiing.**

Kommunen er landbruksmyndigheit og har ansvaret for å ivareta landbrukets samla interesser. Med utgangspunkt i nasjonale mål er det viktig at kommunen formulerar eigne mål for korleis landbruket skal utviklast vidare, forvaltning av arealressursane, skaping av arbeidsplassar og forvaltning av lovverket. Nissedal kommune vedtok gjeldande landbruksplan i mars 2007 for perioden 2007 -2009. Handlingsdelen er ikkje lenger å jour og det gjeld i særleg grad tiltaka i sluttkapittelet av planen. Rullering av tiltakslista og oppdatering av faktadelen i planen står derfor på lista i planstrategien for Nissedal i 2014.

## **1.2 Bakgrunn og heimel for planarbeidet (perioden 2007-09)**

Kommunane blir nå ein mykje sterkare landbrukspolitisk aktør, og landbruks- og matdepartementet (LMD) oppmodar kommunane til å utarbeide landbruksplan (LP). LP skal sjåast i samanheng med dei kommunale planprosessar etter plan- og bygningslova. LMD tilrår at planen gjev status som sektorplan. LP har vore sendt på høyring og skal sluttgodkjennast i kommunestyret etter handsaminga i formannskapet.

På bakgrunn av tilrådinga frå departementet har Fylkesmannen arbeidd sterkt for at alle kommunane i Telemark skal utarbeide landbruksplan. Nokre kommunar reviderer sine planar medan Nissedal utarbeider landbruksplan for første gong. Kommunen har motteke eit tilskot frå Fylkesmannen på kr 25.000 for å dekke ekstrakostnadene med planarbeidet og trykking pluss at dei har stilt ein støtteperson Eivind Ørnes til rådvelde for å hjelpe kommunen å kome i gang med prosessen.

Det formelle vedtaket for oppstart av planarbeidet er sak nr 040/2006 i møte 6. april 2006 i Formannskapet i Nissedal.

## **1.3 Rullering av plan (perioden 2014-17)**

Heimelen for rulleringa er planstrategien for Nissedal kommune. På grunn av omfattande endringar sidan 2007 i dei juridiske verkemidla er faktadelen også omarbeida. Faktadelen er også oppdatert når det gjeld verdiskapinga i landbruket.

## **1.4 Organisering av rulleringa (perioden 2014-17)**

Rulleringa er utarbeida av landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal ved Halvor Fjone, Peter Rieber-Mohn og Magne Skarprud. Faglagga i landbruket vart orientert om førebels framlegg til revidert plantekst i møte 20.03.14 med oppmoding om å kome med nye innspel.

På bakgrunn av tilsvarande rullering av LP i Kviteseid legg nå administrasjonen fram rulleringa til politisk handsaming.

Rulleringa gjeld ein sektorplan, og i handlingsdelen er det lagt størst vekt på ajourføring av tiltakslista, som er ein konkret handlingsplan med tiltak for kvart år. Planen inneheld 5 konkrete tiltak for 2014/15 innanfor jordbruk, skogbruk og utmark.

## 2. STATUS FOR LANDBRUKET I NISSEDAL

### 2.1 Nissedal kommune.

Nissedal kommune har eit samla areal på 901 890 daa. Av dette arealet er ca 4 000 daa jordbruksareal, ca 655 000 daa skog, av skogarealet er ca 267 000 daa produktivt, ca 100 000 daa er myr og fjell og 113 000 daa av arealet er ferskvatn.

### 2.2 Landbrukseigedomar.

I fylgje landbruksregisteret er det 324 landbrukseigedommar i kommunen. Av desse er det 210 eigedommar som har over 5 daa jordbruksareal. Hovudmengda av landbrukseigedommane har under 50 daa jordbruksareal.

Tabell 1: Fordeling etter storleiken på jordbruksarealet i 2009.

5-19 daa	20-49 daa	50-99 daa	100-199 daa	200-299 daa
96	70	22	3	0

Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

### 2.3 Kulturlandskap / miljø.

I kommunen er det ingen område som er definert som verdifulle kulturlandskapsområde i kommuneplanen. Vi kan likevel prioritere inntil 700 dekar jordbruksareal som gir rett til eit ekstra driftstilskot for å sikre drifta gjennom Regionalt miljøprogram (RMP) for Telemark. Nissedal bondelag og landbrukskontoret bestemte hausten 2013 å fordele dette arealet og tilskotet på alle som driv med grovføretande husdyr. Både talet på husdyrbrukarar og talet på husdyr har vore i jamn tilbakegang i lang tid. Dei er samtidig avgjerande for å halde vedlike kulturlandskapet.

I Nissedal kommune er det fleire område som er verna for å bevare urørte naturområde. Lytingsdalen naturreservat ligg på Fjonesida på grensa til Fyresdal og er på 9.575 daa. Dette er eit skogs og heiområde som omfattar fleire eigedomar.

Heitfjell og Solhomfjell naturreservat ligg i både Nissedal og Gjerstad på Statskog sin eigedom. Naturreservatet er totalt på over 25.000 daa.

Vidmyr naturreservat ligg sør i kommunen. Område er freda for å bevare eit myrområde i tilnærma naturleg tilstand.

Verneplan for vassdrag har som målsetjing å verne vassdrag mot kraftutbygging og andre inngrep som endrar landskapsbildet. Fire verna vassdraga har nedslagsfelt og startar i Nissedal kommune. Desse områda er med i verneplan for vassdraga.

Kilåi som har nedbørfelt på heia mellom Nissedal og Fyresdal og renn ut i Fyresvatn.

Gautefallelva har nedbørfelt på heia mellom Treungen og Drangedal og renn ut i Bjorvatn i Drangedal.

Gjerstadvassdraget har sitt utspring frå område Solhomfjell i Nissedal og renn ut i Sønedeledfjord nord for Risør.

Vegårvassdraget startar heil sør øst i Nissedal kommune. Vassdraget renn ut i Sandsfjorden nordvest for Tvedestrand.


I 2003 blei det sett i gang arbeid med naturtypekartlegging i kommunen. Det er spesielt lagt vekt på å kartlegge naturtypar på rasmark, myr, våtmark og kulturmark. Arbeidet vart gjort ferdig og avslutta våren 2004. Kartlegginga vart utført av Erik Edvardsen, Skien.

### 2.3.1 Jordbruket og jordbruksarealet i Nissedal

Figur 1 og tabell 2 nedanfor er henta frå jordbruksteljinga (1989 og -99) og Statens Landbruksforvaltning: Produksjonstilskot i jordbruket.

Jordbruksareal som det ikkje vert søkt tilskot for, er ikkje med i tala. Areal utanfor kommunen som blir søkt på i Nissedal, er med. Figuren og tabellen viser ikkje eit eksakt tal på daa jordbruksareal, men syner ei utvikling over tid.

Alt jordbruksarealet blir no brukt til grasproduksjon. Totalt jordbruksareal som det vert søkt tilskot for har gått ned med 18% (774 daa) sida 1999.



Figur 1: Jordbruksareal i Nissedal

Tabell 2 viser jordbruksareal som det vert søkt tilskot på i Nissedal. Ca 1/5 av jordbruksarealet blir brukt til produksjon av grovfôr for sal

Tabell 2: Fordeling av jordbruksareal i daa


	1989	1999	2010	2011	2012
Anna areal (åker – hageareal), daa	470	34	0	1	0
Fulldyrka eng, daa	3353	3532	2961	2719	2666
Overflate dyrka/innmarksbeite, daa	106	678	630	836	818
<b>Sum jordbruksareal i drift, daa</b>	<b>3952</b>	<b>4258</b>	<b>3591</b>	<b>3556</b>	<b>3484</b>

Kjelde: Jordbruksteljingane og Statens Landbruksforvaltning, produksjonstilskot jordbruket.

### 2.3.2 Driftseiningar

Talet på driftseiningar går ned samtidig som driftseiningane blir større. Jordbruksteljinga frå 1999 viser at over 2 300 daa var leigd jord. Utviklinga held fram ved at det blir færre og større driftseiningar og behovet for leigejord aukar. Talet på bruk med sau har gått ned frå 27 til 10 i

perioden 1989 til 01.01.2012. I 1989 hadde vi 9 mjølkeprodusentar. Den siste slutta i 2006. Nokon av dei som har slutta med mjølkeproduksjon har gått over til kjøtproduksjon med ammekyr. Vi hadde 6 produsentar med ammekyr den 01.01.2012.



Figur 2: Driftseiningar

### 2.3.3 Husdyrproduksjon


Husdyrproduksjonane er i dramatisk tilbakegang. Etter 2006 har vi ikkje hatt mjølkeproduksjon. Både talet på storfe og talet på sau er meir enn halvert i perioden 1996 – 2012. Dette går ut over kulturlandskapet, som er skapt av beitedyra og fôrhausting. Aukande interesse for hest er positivt, men auken i talet på hest er lite i forhold til reduksjonen i talet på dei andre grovfôretande husdyra.

Tabell 3: Tal husdyr i Nissedal i perioden 1989 til 2012

	1989	1996	1999	2010	2011	2012
<b>Mjølkekyr</b>	<b>63</b>	<b>50</b>	<b>35</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Andre storfe</b>	<b>265</b>	<b>184</b>	<b>184</b>	<b>66</b>	<b>69</b>	<b>62</b>
<b>Ammekyr</b>		<b>13</b>	<b>17</b>	<b>36</b>	<b>37</b>	<b>43</b>
<b>V.f. sau</b>	<b>1064</b>	<b>2043</b>	<b>1840</b>	<b>904</b>	<b>905</b>	<b>826</b>
<b>Høner</b>	<b>2435</b>	<b>3346</b>	<b>2855</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Mink / ilder</b>		<b>5695</b>	<b>6252</b>	<b>4838</b>	<b>4960</b>	<b>6274</b>
<b>Rev</b>		<b>1236</b>	<b>832</b>	<b>106</b>	<b>110</b>	<b>120</b>

### 2.3.4 Pelsdyr

Nissedal er eit kjerneområde når det gjeld pelsdyr i Telemark. Næringa står for ein stor del av verdiskapinga i landbruket i Nissedal. I 2012 var det 6 pelsdyrfarmar i kommunen innanfor ordninga med produksjonstilskot. Dei hadde til saman 6274 minktisper og 120 revtisper. I tillegg hadde minkfarmen til Gjesdal på Berlimoen minst like mange dyr som dei seks andre til saman. Gjesdal søker om tilskot i Rogaland, og tala er derfor ikkje med her. Historisk gode skinnprisar forklarar produksjonsauken frå 2010 – 2012. Dei seinare åra har oppformeining av fluger vore eit problem i peldyrgardane. God gjødselhandtering og direkte tiltak mot flugene er nødvendig.




Figur 3: Tal pelsdyr.

## 2.4 Skogbruket

### 2.4.1 Skogtilstanden

Av det samla produktive skogarealet på 267.151 daa etter siste områdetakst er 18.887 daa vurdert til utafør prognose (skogtype 3). Furu er det dominerande treslaget og utgjør ca 69 % av ståande volum. Det er bare Nissedal og Fyresdal i Telemark som har mest furu i ståande volum. Gran utgjør ca 26 % av ståande volum

Figur 4: Treslagsfordeling, prosent. Områdetakst 2000.




Tabell 4: Egedomsstruktur på skogeigedomar i Nissedal

>10 daa	10-99 daa	100-249 daa	250-499 daa	500-999 daa
68	52	33	40	41
1000-1999	2000-4999	5000-9999	10000-19999	Sum
47	37	3	3	324

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Det er viktig å merke seg at det framleis er ein høg andel gammalskog og for lite skog i h.kl. 3 og 4. Hovuddelen av hogstmogen skog er på lågbonitet (H8). Områdetaksten i 2000 viser at det er skogressursar til eit årleg hogstkvantum på ca 45.000 m<sup>3</sup>.



Figur 5: Hogstklassefordeling, prosent. Områdetakst 2000.


#### 2.4.2 Avverking

Gjennomsnittleg avverking dei siste 5 åra har vore 26.000 m<sup>3</sup> pr år eller ca 60% av balansekvantumet. I 2013 vart det avverka 27.827 m<sup>3</sup> til ein bruttoverdi på 8,5 mill. levert bilveg til ein gj.snittleg bruttopris på kr 307 pr m<sup>3</sup> til skogeigar.

I den første landbruksplanen frå 2006 var det tilsvarande gjennomsnittlege hogstkvantumet for 5-årsperioden 24.500 m<sup>3</sup>. Det viser ei stabil avverking i underkant av 30.000 m<sup>3</sup> pr år. Også nominell tømmerpris til skogeigar har vore stabil. Det har medført nedgang i realverdi i perioden.




### Avvirkning for sal - 5år Nissedal



Figur 6: Årleg hogst siste 5 år. Gjennomsnitt for 2009 – 13 i diagrammet er 26.000 m<sup>3</sup>. Tilsvarende gjennomsnitt for den første landbruksplanen var 24.535m<sup>3</sup> (raud søyle)


Innestående skogfondsmidler har auka frå 3,6 mill. til gj.sn. 5,0 mill. kroner i 2. planperiode. Dei siste 4 åra har auken flata ut som fig. 7 viser. Hovudårsaka er at investeringsnivået har stagnert og er tilpassa den reduserte innbetalinga av årleg skogfond.



Figur 7: Innestående skogfond pr. 31.12. i 1000 kroner. Auke på 40% frå 3,6 mill i den første landbruksplanen (raud søyle) til gjennomsnittleg 5,0 mill i nåverande 5-årsperiode.

Hovudmengda av utbetalt skogfond vert nytta til skogkultur og vegar. Det står framleis for mykje unytta skogfond inne i høve til investeringsbehovet. Skattefordelen på 85% gjer investeringar ekstra lønsame når ein tek omsyn til spart skatt.


## Utbetaling på formål 2013



Figur 8: Formål til utbetaling av skogfond i 2013, 1000 kroner

### 2.4.3 Skogkulturarbeid og tilskot.

## Ungskogpleie dekar pr år - 5 år Nissedal



Figur 9: Årleg areal ungsogpleie 2009-2013 og gjennomsnitt for den første landbruksplanen til samanlikning (raud søyle).

Aktiviteten i ungskogpleie har felle 18% frå gjennomsnittleg 1657 daa pr år til 1360 daa i nåverande plan. Figur 9 viser at det er resultatet i 2013 som bergar gjennomsnittet i denne perioden. Variasjonen frå år til år har samband med arbeidskraft og innsatsen som vert sett inn for å påverke skogeigarane til auka innsats på ungskogpleie, men også at rammevilkåra varierar frå år til år.

Markberedning vert også støtta med tilskot av økonomiske fagmidlar NMSK og siktemålet er å betre tilslag og kvalitet på naturleg forynging. Aktiviteten varierar sterk frå år til år fordi ein må basere seg på leige av utanbygds markberedningsaggregat.

Det vert planta for lite i Nissedal i høve til avverkinga av gran. Nyplanting blir støtta med tilskotsmidlar og dei siste åra har aktiviteten auka att, men på eit lågare nivå enn tidlegare. Treslagsfordelinga av hogsten i Nissedal er ca 30% gran og 70% furu furu som tilsvarar treslagsfordelinga i områdetaksten frå 2000. Det er hogsten på granmark som er viktigast når det gjeld kontroll med at areala vert tilfredstillande forynga.

Miljøforskipt vedteken i 2006 med heimel i den nye skoglova har som hovudregel at skogeigar er pliktig til å forynge tilfredstillande seinast 3 år etter hogst med planting og etter 5 år med naturleg forynging.




Fig. 10 Antal planter siste 5 år og gjennomsnitt for den første landbruksplan(raud søyle). Aktiviteten ned 70% i perioden frå 54 596 til gjennomsnittleg 15 400 pr år.

#### 2.4.4 Områdetakst og miljøregistreringar

I 2000 blei det utarbeida nye skogbruksplanar (driftsplanar) og områdetakst for heile kommunen. Områdetaksten vart supplert med etterregistrering av MiS (miljøregistreringar i skogbruket) i løpet av 2004 - 2006. Kommuneoversikten viser at det er store og tildels uventa miljøverdiar i Nissedalsskogane.

6451 dekar (2,6% av samla areal) vart registrert som biologisk viktige område. 4922 dekar (2,0% av arealet) har fått status ”unnateke for hogst”.

Dei mest vanlege naturtypene på dei 3758 dekar i registrerte i miljøfigurane var:

Kalkskog	32,5%
Gammal barskog	31,3%
Rik edellauvskog	21,4%

Dei store førekomstane av kalkskog og rik edellauvskog var litt uventa.

I 2013 vart det inngått avtale med AT Plan om ein ny fulldigital områdetakst for Nissedal som skal erstatte dei gamle skogbruksplanane og gje ein oppdatert kommuneoversikt. Ferdige planar skal ligge føre 1. halvår 2015 og bestillingsprosenten vart litt over 70 rekna etter det produktive skogarealet.

Rentemidlar vart nytta til felleskostnader så som fotografering og laserskanning for å halde kostnadene til den enkelte skogeigar nede på eit overkommeleg nivå. I tillegg til individuelle planar for den enkelte skogeigar vil taksten gje ein revidert kommuneoversikt med hogstklasse- og treslagsfordeling, ståande volum og balansekvantum for heile Nissedal kommune.

#### 2.4.5 Lokal foredling

Telemark Treindustri AS er den største takstolprodusenten i Telemark. Årleg leverer den om lag 16.000 takstolar. Bedrifta produserer også veggelement.

Tarraldsen Trevare AS har sida 1979 produsert trapper til bustadhus. Trappene blir produsert i forskjellige tresortar og av tre i kombinasjon med stål. Firmaet er avvikla, men trappeproduksjonen held fram.

Fjone Treforedling produserer listverk og i tillegg blir det skore litt tømmer på lokale gardssager.

### 2.5 Utmarksutnytting

Ressursane i utmark er stort sett knytt til jakt, fiske, friluftsliv og beite. Nissedal kommune har gode ressursar av vilt, fisk og utmark med variasjonar som kan gje fine naturopplevingar.

#### 2.5.1 Beiting

I 2013 blei det sleppt 937 sauer og lam på utmarksbeite i Nissedal. Delar av kommunen har hatt store tap på grunn av rovdyr ( gaupe og ørn ). I 2013 vart det utbetalt erstatningar for 73 lam og 2 sauer ( kr141 720,- ) for tap på grunn av freda rovdyr.

### 2.5.2 Jakt

Elg er den viltarten som i dag har størst økonomisk verdi. Fram til 1999 var uttaket av elg mindre enn tilveksten og bestanden blei for stor. Eit høgt uttak i fleire år har redusera bestanden ned mot eit nivå som er i balanse med beitetilgangen.

Bestanden av hjort har auka men det er til nå bare felt nokre få hjortar i Nissedal kommune. Våmur – Roane villreinområde ligg i Kviteseid, Nissedal og Fyresdal og er på 406.000 daa.

Området har ein bestand på 100-150 dyr og er eit av dei minste villreinområda i landet.

Delar av kommunen har tette bestandar av rådyr. Gaupa tek ein god del og gjer til at bestanden varierer frå år til år. Dette gjer til at utleigeverdien av rådyrjakta blir sterkt redusert.

Tabell 5: Felt hjortevilt i perioden 1986 – 2013

<b>Felt hjortevilt</b>						
	<b>1986</b>	<b>2003</b>	<b>2005</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Elg	82	254	220	120	94	73
Hjort	0	0	0	0	1	1
Rådyr	-	85	51	52	30	8

Frå og med 2001 har fellingsavgiftene for elg og hjort samt inntektene frå fallvilt gått inn i eit kommunalt viltfond. Inntekter til fondet frå fellingsavgifta var på 27.000,- kr i 2013.

Fondet blir brukt til dekke utgiftene kommunen har til handtering av fallvilt, viltstellstiltak og til drift av Nissedal viltlag.

### 2.5.3 Fiske

Ferskvatn i kommunen utgjer 113.000 daa. Kommunen har eit stort vassdrag; Nisser med Nidelva. I tillegg er det over 1900 små og mellomstore ferskvatn.

Nissedal Fiskefond er eit grunneigarlag som organiserer sal av fiskekort i nesten heile Nisser. I tillegg er det fleire grunneigarlag samt jeger- og fiskeforeiningar som kultiverer vatn og sel fiskekort i dei mindre vatna.

### 2.5.4 Birøkt

Nissedal har store område med røsslyng. Dette er nokon av dei beste lyngtrekkområda i landet, og vi har fleire relativt store honningprodusentar med lang erfaring. I tillegg er det utleige av mange oppstillingsplassar for utanbygds birøktarar.

Honningproduksjonen i Noreg dekkar på langt nær etterspørselen. Dette gjeld særleg lynghonning. Langs kysten er mykje av røsslyngen i ferd med å dø ut. Dette gjer lyngområda i Nissedal viktige i landssamanheng. Det er rom for vesentleg produksjonsauke. Einsidig lyngtrekk i ein kort periode i juli/august, generelt dårleg sommartrekk pga mykje skrint jordsmonn og at honningutbytet er sterkt vêravhengig gjer at det er ein risikabel produksjon med stor variasjon frå år til år i honningutbyte og lønsemd.

### 2.5.5 Motorferdsel i utmark

Motorferdsel i utmark er eit viktig tema i forhold til forvaltning av utmarksareala. Motoriserte hjelpemiddel er nyttige for ei rekkje formål samtidig som bruken er konfliktylt. Trenden dei siste åra er at det blir fleire terrengkøyretøy både snøskuterar og barmarkskøyretøy. For å

unngå konflikter vil det vera viktig med ei regulering der ein prøver å skape grunnlag for næringer knytt til utmarka samtidig som ein tek vare på naturen og miljøet.

## 2.6 Tilleggsnæringer

### 2.6.1 Hytteutbygging

Det er dei siste åra blitt bygd 30-40 nye hytter i året i Nissedal. Tilbake i 2005 blei det bygd ca 160 hytter. Per nov. 2014 reknar ein med at det er over 3.000 fritidsbygg i kommunen.

Kjelde Statistisk sentralbyrå

Det er vanskeleg å finne eksakte tal på kor mange som er sysselsette i samband med hyttebygginga. Dersom ein legg til grunn at det blir bygd 40 hytter i året vil dette utgjere ca 20 arbeidsplassar. Ikkje alle desse vil vera lokalt forankra.

I tillegg til dei som er direkte sysselsett med bygginga er det og mange arbeidsplassar knytt til vedlikehald, brøyting, sal av ved, auka omsetjing i daglegvare og byggvare m.m. Dette er i hovudsak lokale arbeidsplassar.

### 2.6.2 Gardsturisme, hytteutleige og camping

Det er få som driv gardsturisme i Nissedal. Det har vore og er interesse for utleige av hytter særleg i samband med jakt og fiske. Her ligg truleg eit større potensiale, og grunneigarar bør kunne utnytte dette slik at dei har att litt inntekt på denne næringa. Marknaden for andre tenester som ein kan tilby hyttefolket er aukande. Andre stader i landet er det oppretta såkalla bygdeservice. Det kan tenkjast at slike tenester kan auke sysselsetting og ikkje minst inntekta for gardsbruk i Nissedal.

I Nissedal er det 10 campingplassar, og mange av dei er knytt til gardsbruk.

### 2.6.3 Reiseliv

Reiselivsnæringa og landbruksnæringa er avhengige av kvarandre.

Opplevingar knytt til landbruket kan vere mat og dyr, natur og kulturlandskap, forteljar- og handverkstradisjonar, bygningar og kulturminne. I kombinasjon eller åleine, kan desse utgjere lønnsame tilbod i reiselivsmarknaden. Dette er utfordringar som reiselivsnæringa og landbruksnæringa kan samarbeide om, og kvalitet og lønnsemd er avgjerande.

### 2.6.4 Tenesteytande næringer: Inn på tunet-tilbod

Interessa for denne næringa er aukande i heile landet. Det er per dags dato eitt tilbod i Nissedal. Brukargruppene kan vere skuleelevar, born med spesielle behov, utviklingshemma, personar med psykiske lidningar, personar i atføring eller arbeidstrening, personar med demens, flyktingar eller innvandrarar. Inn på tunet-tilbod er eit godt alternativ i førebyggjande arbeid, og har vist at det kan gje innsparingar på andre område. Ein finn meir informasjon om erfaringar med dette på [www.innpaautunet.no](http://www.innpaautunet.no)

Det nasjonale målet for denne tenesteproduksjonen er auka lønnsemd og fleire tilbydarar av omsorgstenester med basis i landbruket sine ressursar og verdiar.



Foto: Geir Ufs



## 2.7 Verdiskaping i landbruket i Nissedal

Analysen er henta frå Landbruks- og matmelding for Telemark 2013, laga av Telemark fylkeskommune.

Bruttoprodukt er brukt som mål på verdiskapinga. Bruttoprodukt er definert som summen av inntekter inkludert verdien av familiens arbeid på nyanlegg, fråtrekt alle kostnader unntatt avskrivningar, leigd hjelp og jordleige. Produksjonstilskot er medrekna i jordbruksinntektene.

Tabell 6: Verdiskaping i landbruket i Nissedal

### 0830 Nissedal




Statistikk (SSB), 2011:

Antall innbyggere	1 430
Totalt areal, km <sup>2</sup>	905
Jordbruksareal i drift, km <sup>2</sup>	3,6
Produktivt skogareal, km <sup>2</sup>	319,9
Avvirkning, m <sup>3</sup>	24 640
Antall landbruks eiendommer	268
Antall jordbruksbedrifter	29
Andel sysselsatte	72 %
Sysselsatte i primaernæring	8 %
Sysselsatte i offentlig forvaltning	6 %

Nissedal er den eneste kommunen i Telemark der det i 2011 var registrert pelsdyrhold. I tillegg til pelsdyr er det noe sauehold og kjøttproduksjon i kommunen. Skogbruket er viktig. I tillegg er det en del skogbruksbasert industri i kommunen.

Beregninger, 2011, verdiskaping som bruttoprodukt

Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr	9,7
Bruttoprodukt skogbruk, mill. kr	14,7
Bruttoprodukt tilleggsnæring, mill. kr	2,1
Bruttoprodukt landbruksbasert industri, mill. kr	14,3
Totalt bruttoprodukt kommune, mill. kr	525
Verdiskaping landbr. og landbr.basert industri, % av verdiskaping kommune	8 %
Årsverk jordbruk	23
Antall sysselsatte skogbruksnæringa (SSB)	22
Årsverk tilleggsnæring	4
Antall sysselsatte i landbruksbasert industri (SSB)	33



Tabell 7: Tilskot i landbruket

<b>Tilskot 2013</b>		<b>Tal søknader</b>	<b>Sum</b>
Produksjonstilskot, tilskot til husdyr og areal- og kulturlandskapstilskot jan/aug		15/27	2 952 077
Avløysartilskot til ferie og fritid		19	707 758
RMP (regionale miljøtilskot)		15	165 640
Skogbruk	Skogkultur	52	254 225
	Vegar	2	87 780
	Tynning	0	0
<b>SUM verdi tilskot</b>			<b>4 167 480</b>

Kjelde: Statens landbruksforvaltning og FMLA

I tillegg har vi hovudsakleg midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (BU-midlane), som Innovasjon Norge forvaltar, og midlar til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), som kommunen forvaltar. I 2013 var det ingen i Nissedal som søkte om investeringstilskot gjennom Innovasjon Norge. Kommunen løyvde til saman kr 318 000 i tilskot 3 SMIL-tiltak.

Tala viser at skogbruket i Nissedal framleis er relativt stort på tross av nedgang i avverking. Nissedal er stor på pelsdyr med ei verdiskaping større enn i jordbruket. Det er viktig for kap. 4 i planen som omhandlar strategiar og tiltak for landbruket i Nissedal.

### 3. VERKEMIDDEL

#### 3.1 Økonomiske verkemiddel

##### **Produksjonstilskot**

Produksjonstilskot (PT) i jordbruket blir bestemt gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane. Formålet med PT er å medverke til eit aktivt og berekraftig jordbruk innanfor målsetjingane som Stortinget set. Som PT reknar ein tilskot til jordbruksareal, grønt- og potetproduksjon og husdyrhald etter satsar, soner, definisjonar m.m. fastsett i eller i medhald av jordbruksoppgeret.

##### **Bygdeutviklingstilskot (BU)**

Formålet med BU-midlane er å leggje til rette for næringsutvikling som dannar grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetjing med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedomens spesielt. BU-midlane er det viktigaste økonomiske verkemiddelet til Landbruks- og matdepartementet for å nå målet om næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Hovudmålgruppa for BU-midlane er personar med tilknytning til landbrukseigedom. Fellestiltak der også personar og bedrifter utan landbrukstilknytning deltek, og tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og landbrukstilknytt verksemd, kan støttast.

##### **Tilskot til miljøtiltak i landbruket og nærings- miljøtiltak i skogbruket.**

Midlane blir overført frå Fylkesmannen, og kommunen får ein sum kvart år. Formålet er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket, redusere forureining frå jordbruket og støtte nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Ordninga blei innført i 2004.

Prioritering av bruken blir gjort i samråd med næringsorganisasjonane, og politikarane vedtek budsjett etter desse prioriteringane kvart år.

Midlane vert nytta til skogkultur, tynning, verneverdige bygningar og stell av kulturlandskap. Tilskot til skogsvegar blei frå og med 2007 på nytt ført tilbake til FMLA som løyver etter tilråding frå kommunen.

### **Rentemidlar**

Inntektene kjem frå rentene av inneståande skogfond. Rentemidlane kan brukast til informasjonstiltak, materiell og til dekning av fellesutgifter i forbindelse med skogfagleg informasjon m.v. overfor skogeigarar, 4H, skular og andre.

Det kan gjevast tilskot av rentemidlar til prosjekt og ulike organisasjonar og institusjonar som arbeider aktivt for å fremme interessa for eller utviklinga av skogbruket.

Felleskostnadene ved skogbruksplanprosjekt er det største tiltaket/prosjektet i kroner for rentemidlar, men det går vanlegvis 15-20 år mellom kvar takseringsrunde i den enkelte kommune. Nissedal vil avslutte skogbruksplanarbeidet med utsending og fakturering av planar i 2015.

Rentemidlar kan brukast til kjøp av mindre kostbart teknisk utstyr til bruk under skogkulturarbeid, når dette skjer i samband med opplæring og spesielle sysselsettingstiltak, eller for å introdusere nytt teknisk utstyr som kan brukast av fleire skogeigarar.

### **Bruk av kommunalt viltfond**

Formålet med fondet er å fremme viltforvaltninga i kommunen, styrke kunnskapen om viltet og førebyggje tiltak mot hjorteviltskader. Inntekter til fondet kjem frå fellingsavgifter og sal av fallvilt.

### **Tilskot frå kommunalt næringsfond**

( Formålsparagrafen for fondet )

Fondet skal nyttast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande verksemder. I størst mogleg grad skal søknader om støtte frå fondet vurderast individuelt. Det skal leggjast vekt på om støtte frå fondet er avgjerande for realisering av tiltaket. Fondet kan nyttast til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktpolitiske verkemidlar som forvaltast av fylkeskommunen. Prosjekt med høgare kapitaltrøng skal sendast fylkeskommunen. Tiltak som bedrar sysselsetjingsstoda for kvinner skal prioriterast.

Fondet skal nyttast i samsvar med dei mål, strategiar og tiltak som er fastsett i Handlingsprogrammet i Kommuneplanen når det gjeld område- og næringsutvikling (Næringsplanen).

Tilskot til å lage driftsplanar for landbruket som trengs for å søke om investeringsstøtte frå Innovasjon Norge, er prioritert.

## **3.2 Juridiske verkemiddel**

### **Jordlova**

Det står i formålsparagrafen at denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Når det gjeld landbruksplanen er det viktigaste at jordlova er heimelen for delegeringa av vedtaksmynde til kommunane når det gjeld deling og omdisponering. Viktige omsyn er busetnad og driftsmessige gode løysingar som mange gonger kan dra i ulike retningar når det gjeld spørsmål om deling av landbrukseigedom. Planen bør innehalde lokale føringar i tillegg til jordlova og forskrifter knytt til denne.

Driveplikta, som gjeld for all dyrka mark, har også heimel i jordlova, og kommunen har ansvaret for å følgje opp.

### **Skoglova**

Det blei vedteken revidert skoglov i 2005. Lova har til føremål å fremme skogproduksjon, skogreising og skogvern. Det skal takast sikte på at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel kan gje eit tilfredsstillande resultat for næringsutøvarar og sikre effektiv og stabil råstofftilførsel til industrien. Vidare skal det leggast vekt på skogens betydning som rekreasjonskjelde for befolkninga, viktig del av landskapsbildet, livsmiljø for planter og dyr og område for jakt og fiske.

Det er viktig å merke seg at kommunen har mynde til å gjere alle vedtak etter skoglova bortsett frå fastsetjing av verneskoggrensar. Det er heimel i den nye skoglova for at det kan utarbeidast miljøforskrift for skogbruket. Miljøforskrifta, *Forskrift om berekraftig skogbruk*, er nå utarbeidd og gjeldande frå 1. juli 2006. Dette får stor verknad for kommunen som skogoppsyn. Føresegnene er ikkje strengare enn MiS-sertifiseringa som skogeigarane er forplikta til etter levande skog standarden, men kommunen/skogoppsynet har fått til oppgåve å handheve plikta til forynging etter hogst. Skogeigar skal sjå til at det er samsvar mellom hogstform og metode for forynging. Hovudregelen er at skogeigar skal gjennomføre tiltak for tilfredsstillande forynging innan 3 år etter hogsten.

### **Konsesjonslova**

Lova har til føremål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og eit eigar- og bruksforhold som er mest gagnleg for samfunnet. Det er konsesjonslova som er heimelen for å setje buplikt som vilkår ved kjøp av konsesjonspliktig landbrukseigedom (overdraging utanom familie).

Konsesjonslova er også eit viktig verkemiddel når det gjeld strukturtilhøve i landbruket som f.eks. konsesjon for kjøp av tilleggsareal og vilkår knytt til slike overdragingar.

Landbruksplanen bør ha føringar om når busetjing er viktig og garden bør halde fram å vere ei driftseining og når samanslåing av einingar kan vere det beste tiltaket i den lokale landbrukspolitikken.

### **Odelslova**

Reglane om buplikt ved overtaking av odelseigedom blei endra og flytta til konsesjonslova i 2009.

### **Landbrukseigedommar i Nissedal med og utan buplikt etter heving av arealgrensar for lovbestemt buplikt.**

Meir eintydig definisjonen av landbrukseigedom ved hjelp av arealgrensar har medført at færre landbrukseigedommar har lovbestemt buplikt.

Nissedal kommune har 302 eigedommar i Landbruksregisteret fordelt på kategoriane i tabellen under. Bare den øvre halvparten av gardane/småbruka har buplikt etter at arealgrensene blei heva i 2009.

Arealgruppe	Talet på eigedommar	Lovbestemt buplikt	Merknad
>25 daa jordbruksareal + > 500 daa prod. skog	69	Ja	Viss heilårsbustad på eigedomen.
> 25 daa jordbruksareal + < 500 daa prod. skog	8	Ja	----- ” ----- Buplikt pga > 25 daa jordbruksareal
< 25 daa jordbruksareal + > 500 daa prod. skog	67	Ja	----- ” ----- Buplikt pga > 500 daa prod. skog
Sum landbrukseigedommar med buplikt	144		
< 25 daa jordbruksareal + <500 daa prod. skog + > 100 daa tot.areal	68	Nei	Landbrukseigedommar over konsesjonsgrensa men for små til buplikt. Buplikt som kons.vilkår ved fritt sal.
< 25 daa jordbruksareal + <500 daa prod. skog + < 100 daa tot.areal	90	Nei	Utanfor landbrukslovgjevinga, men er i landbruksregisteret av hist. årsaker. ”Grense null” forskrift som andre bustadhus.
Sum eigedommar Landbruksregisteret	302		

Pr nov. 2014 er framlegg til avviking av konsesjonsplikt og buplikt på landbrukseigedom ute på høyring. Gjeldande reglar i planperioden 2014-17 er derfor usikre.

### 3.3 Andre verkemiddel

#### Landbrukskontoret

For å gjennomføre og administrere ein lokal landbrukspolitikk er det viktig med ein landbruksadministrasjon med lokal tilknytning og tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Den auka myndigheita ein har fått med dei juridiske verkemidla medfører at vedtaket i førsteinstans får større vekt. Konsekvensane ved feil lovbruk kan bli store.

Handsaming av dei økonomiske verkemidla på lokalt nivå vil også medføre auka bruk av lokale ressursar for ei forsvarleg forvaltning. Landbrukskontoret er ein av dei viktigaste aktørane når det gjeld næringsutvikling rundt tilleggsnæringar og tradisjonelt landbruk. Det er viktig å behalde kapasitet og kompetanse på dette feltet.

#### Næringsorganisasjonane

For å få gjennomslag for satsingane i landbruksplanen må ein i tillegg til den enkelte næringsutøvar og landbrukskontoret ha eit godt samarbeid med dei lokale

næringsorganisasjonane og andre lokale lag og foreiningar. Landbruksplanen er ikkje primært ein plan for landbrukskontoret, men skal gje føringar for sams satsingar for bygdemiljøet der mange partar deltek.

## **4. STRATEGIAR OG TILTAK FOR LANDBRUKET 2014-17**

### **4.1 Hovudmål**

**Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.**

**Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.**

**Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.**

**Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.**

### **4.2 Delmål og strategiar**

#### **Delmål 1:**

<i>Sikre at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala også i framtida vil vera landbruksareal.</i>
---

Kommunen må gjennomføre ei arealforvaltning som tek vare på jordbruksareala for framtidig produksjon av mat. Det er viktig å ta vare på den dyrka jorda for å sikre arbeidsplassane i landbruket, og for å kunne produsere landbruksvarer også i framtida.

Kommunen må ha eit overordna mål om at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala også i framtida skal vera landbruksareal.

#### **Strategiar:**

- 1.1 Nissedal kommune skal bruke lovverket aktivt for å styrke og utvikle landbruksnæringa.
- 1.2 Kommunen saman med landbruksorganisasjonane skal arbeide for at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala blir tekne vare på og blir haldne i hevd.
- 1.3 Kommunen skal ha som mål at dei gode landbruksareala ikkje blir nedbygt, men at utbygginga skjer på areal som har mindre verdi for landbruket.
- 1.4 Landbruket sitt behov for areal må vera med i vurderinga i arbeidet med kommuneplan.

1.5 Kommunen skal vera positiv til at egna areal i utmark kan omdisponerast til nye område for hyttebygging.

1.6 Ved omdisponering av skogmark på høg bonitet til hyttebygging bør det vere krav til konsentrert utbygging.

## **Delmål 2:**

### ***Ta vare på kulturlandskapet og kulturminne.***

Kulturlandskapet er eit resultat av landbruksdrifta gjennom generasjonar. Ved å ta vare på kulturlandskapet vil ein også ta vare på biotopar som er viktige for mange planter og dyr. Kulturlandskapet har også kulturhistoriske verdiar som er viktige for bygdefolk, turistar og friluftslivet. Eit kulturlandskap i aktivt bruk med busetnad er viktig for å vidareutvikle Nissedal som reiselivskommune. Freda og verneverdige bygningar er også ein del av kulturminna.

## **Strategiar:**

2.1 Kommunen skal informere om tilskotsordningar og søknadsfristar.

2.2 Kommunen saman med næringsorganisasjonane skal kvart år laga ei prioritering over bruken av økonomiske fagmidlar i landbruket.

2.3 Dei som brukar kulturmarka til beite anten med eigne dyr eller gjennom langsiktige leigeavtaler med andre, prioriterast ved tildeling av SMIL-midlane og RMP-midlane.

2.4 Kulturlandskap som har spesiell verdi anten det er spesielle biotopar, eller det har spesiell kulturhistorisk verdi skal prioriterast.

2.5 Beitedyr er det viktigaste tiltaket for å oppretthalde kulturlandskapet. Rovdyrsituasjonen (gaupa spesielt) er det største trugsmålet. Rovdyrbestandane må avgrensast.

2.6 Legge til rette for organisering av kulturlandskapspleie.

## **Delmål 3:**

### ***Oppretthalde eller auke den samla verdiskapinga i landbruket.***

Dei sentrale rammene for jordbruket endrar seg heile tida. Talet på aktive jordbrukarar minkar medan jordbruksareal i drift held seg stabilt. Det eksisterande jordbruket må takast vare på og utviklast slik at ein også i framtida har aktive bønder i kommunen. Pelsdyrhaldet er viktig i Nissedal og næringa og miljøet må oppretthaldast for å sikre verdiskapinga i landbruket.

## **Strategiar:**

- 3.1 Samarbeide med næringsorganisasjonane og fagmiljøa.
- 3.2 Kommunen yter tilskot frå næringsfondet til fornying av driftsbygningar og til næringsprosjekt innan jordbruk, skogbruk eller utmark.
- 3.3 Stimulere / legge til rette for samarbeidsløysingar både i tradisjonell landbruksnæring, utmarksutnytting, stell av kulturmark og maskinlag.
- 3.4 Nissedal kommune saman med pelsdyrslaget skal arbeid for at pelsdyrnæringa også i framtida blir ein viktig og naturleg del av landbruket.
- 3.5 Kommunen skal vere positiv til ein utvida definisjon av landbruk og bruk av areala dersom det kan medverke til auka verdiskaping.
- 3.6 Haldningsskapande arbeid blant barn og unge er viktige i denne samanheng. Her kan entreprenørskap vera ein metode. Nissedal kommune vil arbeide for at det vert laga samarbeidsavtaler mellom barn, unge i barnehage, skule og bønder, bygdekvinnelag, jeger- og fiskeforening mv.

#### **Delmål 4:**

<i>Oppretthalde busetjing i kommunen.</i>
---

Landbruket har vore og er av stor betydning for busetjing i kommunen. For å halde landbruksareala i hevd, og for å ha eit levande bygdesamfunn, er det ei målsetjing at eigaren bur på eigedom. Dersom eigaren ikkje sjølv driv jorda, medfører driveplikta at han må leige bort jorda med skriftleg avtale for 10 år av gongen.

#### **Strategiar:**

- 4.1 Kommunen skal sende ut informasjon til nye eigarar om tilskotsordningar, samarbeidsorganisasjonar og kven som gjer kva i kommunen.
- 4.2 Kommunen skal ha ei restriktiv haldning knytt til buplikt. Dersom ein person eig fleire landbrukseigedomar i kommunen, vil buplikta vera oppfylt ved at vedkomande bur på ein av dei. Frådeling av tun ved sal av tilleggsjord bør godtakast der det ligg til rette for det.
- 4.3 For å få utsetjing på buplikta skal det vera tungtvegande grunnar som gjer at det vil vera urimeleg for søkjar å måtte flytte til bruket innan fristen. Søkjar må legge fram ein plan når han kan busetje seg på bruket for å få utsetjing.
- 4.4 Streng praktisering av buplikt på landbrukseigedom skal gjelde heile Nissedal kommune.
- 4.5 Opne for frådeling av stortomter i LNF-område der spreidd busetjing er tillate.
- 4.6 Arbeide for å sikre rekruttering til landbruket inkl. pelsdyrnæringa.



4.7 Utnytte alle kanalar til marknadsføring av kommunen for å få fleire til å busetje seg i Nissedal.

### **Delmål 5:**

#### ***Berekraftig skogbruk med vekt på skogkultur og framtidsskog.***

Skog er ein langsiktig produksjon der gevinsten kjem etter 60 - 120 år. For å sikre at det i framtida blir produsert trevirke av god kvalitet, er det viktig at aktiviteten på skogkultursida aukar og at standaren på vegnettet blir forbetra. Avverkinga ligg betydeleg lågare enn tilrådd balansekvantum og bør aukast for å styrke verdiproduksjonen i skogbruket, sikre arbeidsplassar og utnytte ein lokal fornybar ressurs som også er CO<sub>2</sub> nøytral. Rammevilkåra bør nyttast til å auke avverkinga og investeringane i skogbruket.

#### **Strategiar:**

- 5.1 Kommunen skal samarbeide med næringsorganisasjonane (kontaktutvalet for landbruk) for å få ut informasjon til skogeigarane og ved prioritering av bruk av økonomiske fagmidlar for skogbruket (NMSK).
- 5.2 Kommunen skal informere om søknadsfristar og bruken av økonomiske fagmidlar for skog (NMSK).
- 5.3 Næringsorganisasjonane saman med kommunen skal med informasjon og bruk av økonomiske fagmidlar stimulere til ei auka satsing på skogkultur i kommunen.
- 5.4 Stimulere til opprusting og vedlikehald av skogsbilvegane for å bevare tidlegare investeringar og syte for at vegane tilfredstiller krava som høyrer til den aktuelle vegklassa.
- 5.5 Aktivt bruk av rentemidlane i skogbruket i samarbeid med kontaktutvalet for skogbruk.
- 5.6 Avverkinga i skogbruket bør aukast til ca 40.000 m<sup>3</sup> årleg på grunnlag av skogtilstanden og for å auke verdiproduksjon og behalde arbeidsplassar. Tiltak for auka innsats med rettleiing direkte mot skogeigar bør prioriterast for å oppnå målet.
- 5.7 Kommunen skal stimulere til samarbeidsløysingar ved tildeling av tilskot og ved rettleiing der det bidreg til den beste driftsmessige og økonomiske løysinga.
- 5.8 Rydding av kulturlandskap er avhengig av avsetnad på virke. Kommunen bør arbeide for å fremje alternativ bruk av trevirke som f. eks. produksjon av brenselstis.

## **Delmål 6:**

### *Auke verdiskapinga knytt til utmarksutnytting, jakt og fiske*

Utmarksnæringar har eit vekstpotensiale. Utleige av jakt og fiske kan vera med å styrke næringsgrunnlaget på bruket. Viltfondet bør brukast aktivt for å styrke viltforvaltninga i kommunen.

#### **Strategiar:**

- 6.1 Samarbeid med næringsorganisasjonar.
- 6.2 Informere om tilskotsordningar.
- 6.3 Stimulere til etablering av utmarkslag og utleige av jakt og fiske.
- 6.4 Det bør etablerast eit aktivt samarbeide mellom skogeigarlaget, storvalda og kommunen når det gjeld bruk av viltfondet og forvaltning av viltbestandane.
- 6.5 Det er viktig å etablere forvaltningsstrategiar på tvers av eigedomsgrenser
- 6.6 Arbeide for ei større utnytting av fiskeressursane ved å satse på næringsfiske med blant anna storruser og få til lokal foredling av fisken.
- 6.7 Tilleggsnæringar tilknytt landbrukets ressursar skal utviklast og bli ein del av landbrukets totale verdiskaping.

## **Delmål 7:**

### *Utvikling av næringar knytt til turisme og hytter.*

Ved å stimulere til samarbeid mellom turist- og utmarksnæringane vil ein kunne få ein vekst utan store investeringar og som begge partar vil ha nytte av. Utvikling av opplevingstilbod knytt til naturbasert reiseliv krev at kommunen er positiv til ein utvida definisjon av driftshusvære knytt til stadbunden næring i LNF-område.

#### **Strategiar:**

- 7.1 Stimulere til å utnytte seterhus ,eldhus og liknande til gardsturisme.
- 7.2 Fremje utvikling av opplevingsprodukt der inntekstpotensialet er størst
- 7.3 Godta utleigehytter knytt til utmarksnæring og naturbasert reiseliv i LNF-område

7.4 Hjelpe til med å etablere ei fadderordning for personar som vil starte opp med naturbasert reiseliv.

7.5 Etablere samarbeid med destinasjonsorganisasjonar i reiselivet.



Foto: Geir Ufs



Foto: Geir Ufs

## 4.3 Handlingsplan (tiltak) for Nissedal 2014 - 2017

### Tiltak 1:

#### Kompostering av pelsdyrgjødsel

Innhald: Det er behov for eit komposteringsanlegg for pelsdyrgjødsel i Nissedal. Anlegget må kunne ta imot reve- og minkgjødsel blanda med halm og strø frå pelsdyrgardane i kommunen. Gjødsla og halmen vil etter eit par års kompostering eigne seg godt som jordforbetningsmiddel. Det må leggest inn i planane ei form for omsetjing/sal av det ferdige produktet.

Det er viktig å finne eigna plassering av eit eventuelt felles komposteringsanlegg og dokumentere drift av tilsvarande anlegg.

Kostnad: ukjent

Ansvarleg/samarbeidspartnarar: Nissedal Pelsdyrslag, Noregs Pelsdyrslag, IATA, FMLA, aktuelle grunneigarar og Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal

Finansiering: ?

### Tiltak 2:

#### Nye skogbruksplanar i 2015 - auka skogkulturinnsats (og avverking)

Innhald: Nye fulldigitale skogbruksplanar for over 70% av det produktive skogarealet vil bli levert skogeigarane i 2015. Kurs i bruk av planane blir organisert, men erfaring viser at direkte rettleiing retta mot skogeigar (på grunnlag av nye planar) er det beste verkemiddelet til å auke skogkulturaktiviteten. Skogbrukssjef og skogbruksleiar har ikkje leger ressursar til direkte rådgjeving og kontakt. Ein er avhengig av å skaffe midlar til tilsetjing av ekstrahjelp (faghjelp) i sesongen. Faghjelpa må inngå i eit tett samarbeid med partane i prosjektet.

Kostnad: 45-50.000

Ansvarleg/samarbeidspartnarar: Nissedal skogeigarlag, AT-Skog, skogbrukssjef

Finansiering: tilskot rentemidlar, tilskotsmidlar skogbruk.

### Tiltak 3:

#### Ajourhald av heimeside for landbruk

Innhald: Landbrukskontoret har eiga underside på heimesida til Kviteseid med link frå heimesida til Nissedal. Internett vert stadig viktigare som informasjonskanal, og det er viktig at sidene vert oppdatert ofte for å få med relevant nytt som gjeld landbruket. Landbrukssida bør oppdaterast oftare for å ha praktisk verdi for brukarane.

Kostnad: internt arbeid landbrukskontoret

Ansvarleg/samarbeidspartnarar: IT ansvarleg Kviteseid og landbrukskontoret.

Finansiering: driftsbudsjettet.

#### **Tiltak 4**

#### **Fornyng av gamal eng, grøfting av vassjuk jord og tilrettelegging for kantrydding i delar av Nissedal kommune**

##### Innhald:

Mykje av den dyrka jorda i Nissedal er gamal eng. Det er viktig å stimulere til tiltak der ein utnyttar ressursane best mogleg. Utviklinga på traktor- og reiskapssida har ført til større og tyngre utstyr. Oppattgrøfting og nygrøfting er svært aktuelt på mykje av den dyrka jorda somme stader i kommunen. Tiltaket vil m.a. føre til betre ressursutnytting, kortare transport og betre arrondering. Kantrydding er eit aktuelt tiltak for å auke produksjonen på gode areal som blir inneklemt av attgroing.

##### Ansvarleg/samarbeidspartnarar:

Landbrukskontoret, Fylkesmannens landbruksavdeling, Landbruksrådgevinga og næringsorganisasjonane i landbruket.

#### **Tiltak 5**

#### **Informasjonsmøte om moglege, lønnsame produksjonar (frukt, juletre, birøkt...)**

##### Innhald:

Arrangere eit møte vinteren 2014/2015.

##### Ansvarleg/samarbeidspartnarar:

Landbrukskontoret, Landbruksrådgevinga, Juletre- og pyntegrøntlaget og faglaga i Nissedal.



Foto: Geir Ufs



Foto: Geir Ufs